



Flage Maskin As  
Bjørkemoen 46  
5709 VOSS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5884 - 22/70161

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
15.09.2022

## **Informasjon om vidare oppfølging av det ulovlige tilfellet på eigedommen - gbnr 212/141 Eikanger øvre**

**Byggjestad:** Gbnr 212/141  
**Tiltakshavar:** Flage Maskin As  
**Ansvarleg søkjar:** Tippetue Arkitekter As

### **Saka gjeld**

Ulovleg brakkerigg på eigedommen.

### **Svarbrev 01.09.22 og synfaring 14.09.22**

De opplyste i svarbrev den 01.09.22 at de vil halde fram med drifta av brakkeriggen og at de meiner at brakkeriggen kjem inn under unntaksregelen.

Kommunen var på synfaring den 14.09.22. På grunn av smittefare fekk vi ikkje tilgang til bygget innvendig.

Det vart i løpet av synfaringa stadfesta følgjande:

- Brakkeriggen er i drift.
- Storleiken på brakkeriggen samsvarer med teikningsunderlag til søknad om utvidelse og godkjenning frå 09.01.20.
- Det er drift på kantina tilhøyrande brakkeriggen.
- Brakkeriggen nyttast utover det konkrete byggearbeidet på anleggsområdet.

I samtale på staden vart det opplyst at kommunen fortsatt ser på brakkeriggen som ulovleg og at den ikkje kjem inn under unntaksregelen for søknadsplikt. Det vart vidare opplyst om muligheten til å søke om midlertidig dispensasjon for denne typen tiltak som skal være midlertidig, men som blir ståande i meir enn 2 år.

### **Vurdering og vidare oppfølging**

**Pålegget i saka følgjast opp slik det går fram av vedtaket 24.08.22.**

Kommunen opprettheld vurderinga som er gjort i saka tidlegare og fortsetter oppfølginga av det ulovlege tilfellet. Vi har i tillegg følgjande merknader:

- Brakkeriggen er utvida i forhold til den brakkeriggen som var godkjent og er slik sett eit skjerpande brot på plan- og bygningslova enn det som går fram av pålegget.
- Løyvet frå arbeidstilsynet har også gått ut. Vi orienterer om at de er ansvarlige for arbeidsplassar ettersom det også er kantinedrift på staden.
- På bakgrunn av synfaringa forstår vi det slik at de planlegg å søke om ein midlertidig dispensasjon og godkjenning for vidare bruk av brakkeriggen. Kor vidt ein slik dispensasjon vil være mogleg å gi må vurderast av byggesak. Dersom kommunen mottek komplett søknad for vidareføring av brakkerigg vil vi avvende den delen av pålegget som gjeld retting fram til søknaden er avklart.
- Pålegg og tvangsmulkt som gjeld opphøyr av bruk vil fortsette fram til bruken har opphøyr eller søknad er godkjent og vil ikkje settast på vent i ein eventuell søknadsprosess.
- Vi orienterer vidare om at dersom vi ikkje ser at pålegget som er gitt har tilfredsstillande effekt, kan kommunen gje nye og strengare pålegg i saka.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/5884

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Flage Maskin As  
Nnp Parsell 10 As

Bjørkemoen 46  
Bjørkemoen 46

5709 VOSS  
5709 VOSS